

KOMMUNAL PLANSTRATEGI FOR FJALER KOMMUNE 2024 – 2027

HØYRINGSFRAMLEGG



4.6.24

Ola Hovland

Kommunedirektør

Innhold

INNLEIING	3
FORSLAG TIL TEMA OG SATSINGSOMRÅDE I KOMMUNEN SITT PLANARBEID	4
OVERORDNA FØRINGAR FOR KOMMUNAL PLANLEGGING	5
FN sine bærekraftsmål.....	6
Nasjonale forventningar til planlegginga	6
Regionale føringar.....	7
Forventningar frå Statsforvaltaren	7
Kommunen sine føringar.....	8
Overordna mål for Fjaler kommune 2014-2025	8
UTFORDRINGSBILETE	8
Demografi og befolkningsframskrivingar.....	8
Folkehelse og oppvekstvilkår.....	9
Bustadbehov	9
Utdanning og kompetanse	9
Kultur, fritid og deltaking	9
Næring – næringsliv og sysselsetting	10
Samferdsel og infrastruktur.....	10
Risiko og sårbarheit	10
Klima og miljø.....	11
Areal, natur og kulturminne.....	11
Samarbeid.....	11
Kommunen sin økonomi	11
Demokratiutvikling.....	11
Status for prioritering av planoppgåver 2020-2024 – prioriteringar framover	11
PLANBEHOV I PERIODEN 2024-2027	12
Økonomiplan.....	13
Kommuneplan (K).....	13
Kommunedelplan (KD).....	14
Områderegulering - areal.....	14
Detaljregulering	14
Temaplanar (T)	15
FØLGJANDE PLANAR FRÅ PLANEN I 2020-2024 UTGÅR	19

FAGPLANAR OG ANDRE PLANAR	19
ORGANISERING AV PLANPROSESSEN	21
KORT OMTALE AV DEI VIKTIGASTE PLANTYPANE	22

INNLEIING

Planstrategien er ein politisk prioritering av planbehovet i kommunestyreperioden, og skal utarbeidast innan eitt år etter kontinuering av nytt kommunestyre, jf plan- og bygningsloven §10-1. Føremålet er at kommunestyret tidleg tar stilling til kva planer som må reviderast og ressursbruk til planarbeidet.

I planstrategien skal kommunestyret også ta stilling til om kommuneplanen skal reviderast heilt eller delvis, eller om den skal vidareførast.

Planstrategien er retningsgivande og tek føre seg kommunens strategiske val for den ynskja samfunnsutviklinga. Planstrategien omfattar politisk vedtekne planar og strategiar. Den inkluderer t.d. ikkje fagplanar.

Folkehelselova er saman med Plan- og bygningsloven viktige verktøy for integrering av folkehelse i planlegging. Ei drøfting av kommunen sine folkehelseutfordringar inngår i planstrategien og det vert utarbeida ein folkehelseoversikt som ein del av kunnskapsgrunnlaget til planstrategien. Denne skal også inngå som faktagrunnlag for alt planarbeid i kommunen.

Fjaler kommune har seinast no i år, vedtatt ein ny versjon av kommuneplanen sin arealdel, i tillegg til ein del andre planar. Det syner seg frå førre kommunal planstrategi at ambisjonsnivået for kommunal planlegging har vore høgt, og det er ein god del planar som ikkje har blitt påbegynt eller ferdigstilt. Årsaka til dette er stort tal planar, vakanse i planstillingar og mangel på ressursar i høve kva som er mogeleg å gjennomføre. Det står 19 planar på den prioriterte lista. 8 er ikkje starta, 2 er vidareført. 4 pågår og 5 er ferdigstilt i perioden. Det har vore jobba med og vedteke planar som ikkje står på lista. Utfordringa over tid er at det samlar seg opp mange planar som må jobbast med. Det er ikkje økonomi til å tilsette meir ressursar eller leige inn kompetanse som ofte trengst til å gjennomføre planarbeidet. Dette er særst uheldig og ikkje ynskja utvikling. Derfor er hovudutfordring for Fjaler no - økonomi, ressursar og kompetanse til å gjennomføre planarbeidet.

Det er vanskeleg å avgrensa tal planar, då mykje er lovpålagt, har stor betydning for kvaliteten på tenestene og arbeidet med å utvikle samfunnet til det beste for innbyggjarane. I **framlegg til planstrategien, jf tabell på side 12** har vi foreslått berre heilt nødvendige og avgrensa revideringar av gjeldande planer. Det er gjort ei vurdering av ressurs og økonomi og arbeidet med økonomiplan vil òg avgjere om planarbeid vil kunne gjennomførast.

Planstrategien tek utgangspunkt i «Kunnskapsgrunnlag – Vedlegg til kommunal planstrategi 2024», administrative og politiske drøftingar.

Kunnskapsgrunnlag vil òg vere viktig som grunnlag for prosessen med å revidere kommuneplanen sin samfunnsdel.

Kunnskapsgrunnlaget viser utviklingstrekk og utfordringar i vår kommune, og dannar med det eit grunnlag for å vurdere planbehovet i kommande periode. Dette skal bidra til at planlegginga i Fjaler kommune blir behovsstyrt og ikkje meir omfattande enn naudsynt.

FORSLAG TIL TEMA OG SATSINGSOMRÅDE I KOMMUNEN SITT PLANARBEID

Med utgangspunkt i lokale utfordringar og regionale og nasjonale føringar er det 4 område som bør stå sentralt i kommunalt planarbeid i komande kommunestyreperiode. Opplistinga er ikkje uttømmende og fleire av punkta vil kunne høyre heime i fleire temaområde.

1) Attraktive lokalsamfunn og gode nærmiljø - bygdeutvikling

- Attraktivitetstiltak, dvs stadutvikling og tiltak for å tiltrekke og behalde innbyggjarar.
- Områdeplanen for Dale må reviderast. Det er behov for byggeklare tomter i Dale-område, tilrettelegging for aldersvennleg bustadløysingar, parkeringsareal i sentrum, tilkomst for næringsdrivande, struktur på grøntareal, betre trafikkavvikling, med meir.
- Boligpolitikk må utarbeidast. Det er behov for å framskrive boligbehovet utifrå endring i demografi, behov for tenester og behov for bustad og plassar.
- Revidere samfunnsdelen av kommuneplanen.
- Legge til rette for utviklingsaktiviteter i grendene i kommunen.
- Bruke kommuneindeksen og kommunebarometeret – «beste praksis» til å planlegge vidare utvikling av kvaliteten i tenestane og effektiviteten i drifta.
- Jobbe med tiltak for sikre ei god framtidig økonomisk berekraft.
- Utvikle plan og tiltak for å rekruttere og å behalde tilsette

2) Næringsutvikling – verdiskaping og kompetanse, samarbeid kunnskapsutvikling og innovasjon

- Etablere nytt nærings- og samfunnsutviklingssselskap og utnytte muligheiten som ligg i samarbeid og samskaping.
- Bidra til å skape vekst i næringslivet gjennom å utvikle dei fortrinn og ressursar vi har i Fjaler.
- Jobbe med satsingsområda – attraktiv kommune, reiseliv og kultur næring, kompetanse, utdanning og rekruttering, samarbeid og nettverk, Lutelandet – Grøn Hub.
- Jobbe for positiv utvikling av bu- og arbeidsområde i samarbeid med nabokommunar og næringsorganisasjonar.
- Felles rekrutterings- og kompetansehevingstiltak. Jobbe for lokale nettverksløysing som gir innbyggjarane muligheit for å jobbe i lag når det tek vidareutdanning og studier. Desentralisert utdanning ilag.

3) Klima og miljø, risiko og sårbarheit – berekraftig utvikling

- Plan og tiltak for å redusere utslepp av klimagassar både i kommunal tenesteproduksjon, men og å motivere innbyggjarane til å gjere tiltak for å redusere utslepp og avfallsmengd.
- Ta omsyn til klimatiltak i område planlegginga og i bustadpolitikken
- Ferdigstille plan for avløp- og overflatevatn.
- Prioritere arbeid samfunnstryggleik og sikkerheit – i samarbeid med nabokommunar og offentlege instansar.

4) Folkehelse: gode tenestar, sosial likskap, samhandling og samskaping, trivsel for alle

- Plan for ein berekraftig økonomi som hovudgrunnlag for å kunne utvikle gode tenester i framtida.
- Oppdatere helsestrategi og plan som sikrar aldersvennleg bustadpolitikk og gjer det mogeleg for innbyggjarane å bu i eigen heim så lenge som mogeleg.
- Jobbe vidare med tiltak for å hindre sosial ulikskap, sikre auka fysisk aktivitet/fedme, og god psykisk helse.
- Halde fram det gode arbeidet med å støtte eldskjelene som sikrar høgt aktivitetsnivå i lag og organisasjonar – den gode dugnadsånd.
- Lage plan for frivilligheitsstrategi.
- Auke fokus og løysingar for tidleg innsats i arbeid med barn og unge.
- Lage plan for oppvekstområde.
- Auke fokus på samarbeid og samhandling – internt, i regionen og mellom viktige bidragsytarar og premissgivarar i innovasjon og utviklingsarbeid.

Jf, kunnskapsgrunnlaget – siste kapittel

OVERORDNA FØRINGAR FOR KOMMUNAL PLANLEGGING

I kommunal planlegging er mange omsyn vi må forholde oss til. I tillegg til ulike lovar, reglar og retningslinjer for kommunal planlegging, har Noreg inngått forpliktande internasjonale avtaler.

FN sine bærekraftsmål

FN sine bærekraftsmål Norge har slutta seg til 2030-agendaen med 17 mål for å fremje ei sosialt, miljømessig og økonomisk bærekraftig utvikling. Dei nasjonale klima- og miljømåla gjev rammer for planlegginga og er sentrale for at bærekraftsmåla kan nåast. Som samfunnsutviklarar og planmynde, er fylkeskommunane og kommunane avgjerande for at vi skal lykkast med å nå måla.



I utgangspunktet er alle FN sine bærekraftsmål likestilte og ingen mål er viktigare enn andre. Men Stockholm Resilience Centre har laga ein modell, kalla bryllaupskakemodellen. Denne modellen synleggjer at nokre mål faktisk er viktigare og meir grunnleggjande enn andre. Jorda sine tolegrensar gjer at bærekraftsmåla som handlar om å ta vare på naturen og miljøet og å stoppe klimaendringane, vert sett først. (Større bilde i vedlegget).

Det er vanleg å dele inn bærekraftsmåla i tre dimensjonar:

1. Klima og miljø
2. Sosial forhold
3. Økonomi

Nasjonale forventningar til planlegginga

Regjeringa legger kvart fjerde år frem nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Disse skal følgjast opp i kommunane.

Nasjonale forventningar for 2023-2027 peikar særleg på følgjande;

1. Samordning og samarbeid i planlegginga
2. Trygge og inkluderande lokalsamfunn
3. Velferd og bærekraftig verdiskaping
4. Klima, natur og miljø for framtida
5. Samfunnstryggleik og beredskap.

I tillegg kjem ei lang rekke lover, forskrifter, retningsliner, målsettingar med meir som også Fjaler kommune skal legge til grunn for kommunal forvaltning og drift.

Regionale føringar

Vestland fylkeskommune har utarbeidd mellom 15 og 20 regionale planar, ein del av desse med retningsliner som legg føringar for den kommunale planlegginga. I tillegg har fylket laga nokre temaplanar.

Vestland sin felles planstrategi og samfunnsdel, er utviklingsplanen. Vestland fylkeskommune skal vedta sin nye utviklingsplan i desember 2024. Dette er etter at kommunane, jamfør plan- og bygningslova, kan vedta sin kommunale planstrategi. Den vedtekne utviklingsplanen kan difor ikkje ligge til grunn for Fjaler kommune sin planstrategi. Men fylkeskommunen har publisert ei stor mengde grunnlagsmateriell som har blitt nytta i kunnskapsgrunnlaget i arbeidet med planstrategien.

Vestland Fylkeskommune sine planar finn de her:

<https://www.vestlandfylke.no/planlegging/>

Vestland fylkeskommune har sendt ut eit brev til alle kommunane i fylket: Kommunal planstrategi – synspunkt frå Vestland fylkeskommune til kommunane ei Vestland.

<https://innsyn.onacos.no/fjaler/wfdocument.ashx?journalpostid=2022024246&dokid=314329&versjon=1&variant=A&>

Dette er eit omfattande brev som kjem med innspel til kunnskapsgrunnlag og planstrategi med bakgrunn i regionale planar: utviklingsplanen, folkehelse, klima, infrastruktur og veg, kultur, kulturminne, idrett og friluftsliv, inkludering og integrering, verdiskaping, vassforvatning, jordvern og akvakultur.

Forventningar frå Statsforvaltaren

Statsforvaltaren har også sendt eit forventningsbrev til kommunane for arbeidet med kommunale planstrategi. I tillegg så har Statsforvaltaren gitt fråsegn om kva Fjaler kommune bør prioritere og legge vekt på i den nye kommunestyreperioden.

<https://innsyn.onacos.no/fjaler/wfdocument.ashx?journalpostid=2022029314&dokid=324196&versjon=1&variant=A&>

Statsforvaltaren viser til dei nasjonale forventningar som nemnt ovanfor og at dei 17 berekraftsmåla til FN skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane. Måla må vere ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga.

Av tema som Statsforvaltaren tek opp og som gjeld Fjaler kommune er:

- Landbruk og jordvern
- Bustadsosial planlegging
- Folkehelse
- Barn og unge
- Aldersvennleg samfunnsplanlegging og universell utforming
- Kompetanse- og rekrutteringsplanlegging
- Konvensjonen for personar med nedsett funksjonsevne (CRPD)
- Samfunnstryggleik og beredskap

- Natur- og miljøutfordringar, herunder:
 - o Miljøutfordringar, naturmangfald
 - o Miljøutfordringar – Klima
 - o Strandsone og kystsoneplanlegging

Kommunen sine føringar

Arbeidet med planstrategien skulle ideelt sett vore starta våren 2023, for å få med erfaringar frå det avtroppande kommunestyre. Det er innhenta synspunkt frå andre offentlege organ i arbeidet med planstrategien samt innspel frå kommunestyre på kunnskapsgrunnlaget.

Fjaler kommune har gjort eit godt og viktig arbeid med å få laga ny arealdel av kommuneplanen, ovordna ROS-analyse. Utifrå dei prosessane som har vore gjennomført, tilbakemeldingar vi har motteke, er det nokre områder som blir viktige å fokusere på framover. Dette gjelder mellom oppdatering av samfunnsdelen, bustadsituasjonen i sentrumsområda, næring- og samfunnsutvikling (herunder tiltak innan klima- og miljø, attraktivitet, aldersvennleg lokalsamfunn, barn og unge, frivilligheit) og økonomisk berekraft.

Overordna mål for Fjaler kommune 2014-2025

Samfunnsdelen av kommuneplanen viser visjon, mål og strategi for ønska samfunnsutvikling. Føringar i samfunnsdelen skal følgjast opp gjennom den øvrige planlegginga i kommunen.

Dei overordna måla er skildra i kunnskapsgrunnlaget (side 6 og7).

UTFORDRINGSBILETE

Kunnskapsgrunnlaget for kommunal planstrategi 2024-2027 peikar på utviklingstrekk og utfordringar og er med på å danne grunnlaget for prioritering av planoppgåver i planperioden.

Under følgjer ei kortfatta utgreiing av hovudutfordringane

Demografi og befolkningsframskrivingar

Vi har ein svak vekst i folketalet i hovudsak grunna auke i tal flyktningar. Folketalet i bygdene har minka, medan det har vore auke i sentrumsområda (Dale og Flekke). Fødselstala varierer og med unntak av to av dei siste ti åra, har vi fødselsunderskot. Til liks med utviklinga i landet, får vi ein auke i tal eldre og ein nedgang i tal yngre. Det vil medføre at det er færre til å utføre velferdsoppgåver og skape verdiar som betalar for auka utgifter til folketrygda og helse- og omsorgstenester. Offentlege utgifter aukar raskare enn offentlege inntekter, og den økonomiske berekrafta i kommunane vil verte betydeleg svekka.

Folkehelse og oppvekstvilkår

Fjaler skorar betre eller er lik snittet på dei fleste parameter i folkehelsebarometeret. Vi har litt utfordringar med å tolke tala, grunna UWC-elevane som påverkar statestikken. Det kan sjå ut som at vi har eit høgare tal unge i alder 15-29 år som står utanfor.

Det vart utarbeidd ein «Folkehelseoversikt i 2021-2024» som peikar på 3 hovudutfordringar i Fjaler; sosial ulikskap, fysisk aktivitet/fedme og psykisk helse. Det er nokre positive endringar i høve fysisk aktivitet/fedme, men elles er mykje av det som kjem fram i analysen framleis dagsaktuelt/relevant.

Bustadbehov

Kommunen sitt behov for omsorgsbustader og institusjonsplassar

Fjaler kommune har ingen kapasitet i dag og er avhengig av ekstern leige av bueiningar (utgjør omlag 15%).

Fjaler kommune driv helsetenestene frå 4 ulike lokasjonar og har for å kunne drive effektivt mål om 2 i framtida. Dette er særst utfordrande då utviding til nye omsorgsbustadar er vanskeleg å få til nær eksisterande lokasjonar.

Mesteparten av bygningsmassen er frå 1970 – 2000 og det vil, for å kunne oppretthalde naudsynt standard, vere behov for vedlikehald tilsvarande 40-50 mill, dei neste 10-15 åra (bygga ved sjukeheimen).

Pleie og omsorg skorar pr idag høgt når det gjelder kvalitet, kostnader og effektivitet.

Det er under utarbeiding analysar som vil sei noko om Fjaler kommune sitt bustadbehov i åra som kjem, samt innspel til korleis vi kan halde fram med eit høgt effektivitetsnivå.

Bustadbehov i sentrum

Det er få byggeklare tomtar i Dale sentrum (eigd av Fjaler kommune). Det er satt av areal, men krevjande å få gjort tomtane byggeklare grunna rekkefølgekrav, fleire og ulike planprosessar og store investeringar som må gjennomførast.

I Flekke er det få byggeklare tomtar att og tilsvarande som i Dale er det behov for å få utarbeidd plan for sentrumsområde.

Utdanning og kompetanse

Fjaler kommune har 3 skular og 4 barnehagar, i tillegg til vaksenopplæring samt kulturskule (HAF-samarbeid).

Flekk skule ligg 7,3 km frå Dingemoen skule. Flekke skule har auke i tal elevar og det er behov for meir plass og enten nybygg eller oppgraderingar. Skulane skorar høgt på fleire kvalitetsparameter og har over tid levert gode resultat, men der er òg utfordringar i høve resultat etter nasjonale prøver og utdanningsnivå blant tilsette i skule og barnehage.

Kultur, fritid og deltaking

Større andel av ungdommane er med på organiserte fritidsaktivitetar og er fysisk aktive.

Samvirke representerar ein ny møteplass som kan vere positivt for vidare utvikling. Fjaler har og ein høg andel aktivitet innan kulturbasert næringar og høg skor på sentrale tildelingar.

Næring – næringsliv og sysselsetting

Fjaler har hatt ei positiv utvikling i tal arbeidsplassar dei siste 10 åra. Det er fleire som pendlar inn til kommunen enn det er som pendlar ut. Det er utfordring for dei fleste bransjane å sikre god rekruttering framover, andelen eldre (67 år+) i enkelt næringar er høg.

Arealdelen er nyleg vedteken og der det er sett av nye område for næringsutvikling.

Næringslivet har i lengre tid etterlyst tiltak for å få meir bustadareal i Dale, samt plan for parkering, tilkomst og utviklingsmoglegheiter.

Arbeid med utvikling av aktivitet på Lutelandet har vore meir aktuell no, men tilgang til nettilknytning har fram til no stogga større prosjekt.

Det er eit behov for å fokusere meir på samarbeid mellom kommunane i arbeids- og buområde.

Samferdsel og infrastruktur

Tal elbilar og ladepunkt har auka. Andel veg med fast dekke er høgare enn for kommunegruppa. Sist utbygging av breiband har gitt nær 100% dekning i kommunen (100mb+). Det er etterslep på vedlikehald og fornying av infrastruktur for vatn og avløp.

Det har vore innspel frå politikarar til behov for meir satsing på trafikktryggleikstiltak. For å kunne søkje og få midlar, føreset det at vi har ein oppdatert trafikktryggleiksplan.

Kollektivtilbodet (transport) for unge og eldre er ei utfordring.

Risiko og sårbarheit

Størst utfordringar er knytt til ekstrem nedbør, regnflom, jord-, flaum- og sørpreskred og stormflo.

Kapasitet til å ta unna overflatevatn er ei utfordring og mykje av investeringsbudsjettet framover til omhandle naudsynte vedlikehaldsprosjekt innan veg, avløp og bruer.

Heilskapleg ROS-analyse vart vedteken i 2023 og gjelande arealdel av kommuneplanen har teke omsyn til utfordringar i høve skred, flaum, marin leire med vidare.

Det er lagt til grunn auka grad av samarbeid om beredskap på tvers av kommunegrensene.

Klima og miljø

Fjaler har hatt nedgang i utslepp dei siste tre åra, men det stor avstand fram til dei nasjonale måla og viktig å sikre at klima og miljø er del av alle kommunale planverk framover. Det er 6 år til 2030.

Areal, natur og kulturminne.

Halvdelen av Fjaler sine innbyggjarar bur i tettbygde strøk og halvparten i grisgrendte strøk. Ny arealdel har redusert areal til utbygging i samsvar med nasjonale føring og kva som er realistisk – frå 10,000 daa til 865 daa. Ivaretaking av naturvernområde og kulturminne er viktig framover. Jordbruksarealet er på snitt med fylket men det er ein trend til reduksjon i jordbruksnæringa som vil gje utfordringar i høve produksjon og skjøtsel av kulturlandskap.

Samarbeid

Fjaler kommune har idag 36 samarbeid som famnar om alle delar av drifta. Dette er viktig for å kunne klare å yte kvalitative og forsvarlege tenestar og for å få til ei positiv samfunnsutvikling.

I endå større grad enn før er det behov for godt samarbeid og samordning med andre offentlege instansar og kommunar for å få til ei berekrafting samfunnsutvikling.

Evna til samarbeid internt i kommunen - på tvers av funksjonar og avdelingar rundt kjerneoppgåvene er avgjerande for å løyse samfunnsoppdraget.

Kommunen sin økonomi

Finansielle nøkkeltal viser at Fjaler kommune sin økonomi ikkje er berekraftig. Långjelda er høg og netto driftsresultat er negativt.

For å sikre ei berekraftig utvikling må Fjaler kommune ta ned kostnadane, omstille tenestene i høve fleire eldre og færre i grunnskule, omstille til meir tidleg innsats og få på plass ein heilskapeleg bustadutvikling.

Demokratiutvikling

Valdeltaking i Fjaler er god – med brei representasjon. Kommunen skorar høgt på åpenheit.

Status for prioritering av planoppgåver 2020-2024 – prioriteringar framover

Det må vere betre samsvar mellom ambisjonar og ressursar. Det har i perioden vore lengre periodar med vakanse og lite ressursar på plansida. Dette påverkar muligheiten til å få til ei berekraftig utvikling. Samtidig så mister ein fokus på kva som må til for å skape resultat.

Innføring av verksemdstyring og fokus på forbetningsarbeid og oppfølging av tiltak i handlingsplanar vil vere avgjerande for å få til ei positiv utvikling.

PLANBEHOV I PERIODEN 2024-2027

PLANSTRATEGI		Forventa framdrift				Løyving
Plantype-og namn	Ansvar	2024	2025	2026	2027	
Kommunal planstrategi	Komm.direktør	R			R	
Planar						
Samfunnsdel	Kultur og samf.	R				delvis
Delplan						
Kommunedelplan for Dale (areal)	Teknisk		R			delvis
Planering - areal						
Dale Sentrum	Teknisk			N		delvis
Regulering						
Gravstad Dale	Teknisk			N		ja
Bustadfelt Bjerga	Teknisk			N		delvis
Omsorgsbustadar	Teknisk		N			ja
Fortau - sentrum til Bjerga	Teknisk		N			ja
Tidshandlingsdel						
Arbeidsgivarpolitikk og grunnverdiar	Personal og org.		R			nei
Trafikktryggleiksplan	Teknisk		R			ja
Hovudplan for vatn og avlaup	Teknisk	P				nei
Klima og miljøplan	Teknisk		N			ja
Kulturplan	samf.utv.			N		nei
Eigarskapsmelding	Komm.dir		R			nei
Frivilligstrategi	samf.utv.	N				nei
Helse- og omsorgsstrategi	Helse	R				delvis
Bustadplan	Helse		R			delvis
Rusmiddelpolitisk handlingsplan	Helse		R			delvis
Oppvekstplan	Oppvekst		N			delvis

PLANAR SOM BLIR VIDAREFØRT						
Arealdel (kommuneplan)	Teknisk	Vidareføre				
Differensiert forvaltningsplan for Flekke- og Guddalsvassdraget (komm.delplan)	Landbruk	Vidareføre				
Kulturminneplan (tema)	Kultur og samf.	Vidareføre				
(tema)	Komm.dir	Vidareført				
Strategisk næringsplan	samf.utv.	Vidareføre				

R=revisjon, N=ny, P=pågå

Løyving (siste kolonne) – fortel om det er naudsynt med løyving og eller eksterne ressursar.

Ja, betyr at det er naudsynt med løyving, **Delvis**, betyr at kommunen kan gjennomføre med egne ressursar, men kan trenge noko ekstern bistand, **Nei** betyr at planarbeidet kan gjennomførast med egne ressursar utan at det må løyvast ekstra.

Nokre prinsipp som ligg til grunn for prioriteringane

1. Prioritet

- Overordna planar som dannar grunnlag for øvrige planverk må takast først, td Samfunnsdelen
- Planar som er utdatert og har store manglar og er viktige for utvikling- og forbetningsarbeid, td. Oppvekst
- Planar som må vere oppdatert for å kunne søkje om midlar, td. Helsestrategi, Trafikktryggleiksplan
- Planar som er viktig for å sikre berekraftig økonomi, samfunnsutvikling (kritisk viktige), Samfunnsdelen

2. priroitet

- Planar der det ikkje er kritisk viktig å oppdatere/hastar med å revidere, mindre konsekvensar, td eigarskapsmelding
- Planar som er framleis har ein funksjon, td eigarskapsmelding, innkjøpsstrategi
- Planar der andre planar må utarbeidast før ein kan starte planarbeidet, td Bustadfelt Bjerga, andre bustadfelt.

Økonomiplan

Kommunen skal etter kommuneloven §14-1 årleg utarbeide ein økonomiplan som omfattar minst dei neste 4 åra. Fjaler har store utfordring og i dag er ikkje økonomien berekraftig. Det er behov for å omstille drift i høve fleire eldre og færre yngre og samtidig ta ned driftsnivået. Hovudutfordringa for kommunen er at gjelda er høg (122% vs 75% som er anbefalt nivå). Målet i perioden er å legge grunnlaget for ei berekraftig utvikling av økonomien. Utan dette på plass, så vil det vere krevjande å følgje opp det utviklingsarbeidet som blir lagt til grunn i planstrategien. Ressursbehov og kostnader knytta til utarbeiding av planen skal leggest inn i økonomiplanen.

Kommuneplan (K)

Samfunnsdelen 2014-2025

Mykje av tiltaka som er i samfunnsdelen er gjennomført. Det er tilrådd å starte arbeid med å revidere planen tidleg i planperioden. Kunnskapsgrunnlaget til planstrategien er utarbeidd for òg å vere med som grunnlag i arbeidet med å revidere samfunnsdelen.

Framlegg: Planen blir revidert

Prioritet/rekkefølge: 1

Økonomi: ambisjon om å klare det med egne ressursar. Kan vere aktuelt å kjøpe deltenester på område kor vi ikkje har kompetanse.

Arealdelen 2024-2036

Planen vart etter sju års prosess og 4 høyringar vedteken mars 2023. Det er ikkje vurdert behov for å revidere planen i planperioden.

Framlegg: Planen blir vidareført.

Kommunedelplan (KD)

Kommunedelplan for Dale

Kommunedelplan for Dale er snart 10 år. Det er behov for revisjonen av planen. Mellom anna for å avklare areal til ny gravplass, vurdering av revisjon av alle reguleringsplanar, oppdatering av føresegner for mellom anna byggegrense mot veg og utnytingsgrad. Det er i dag ikkje samsvar mellom delplan og reguleringsplanar.

Framlegg: Planen blir revidert.

Prioritet/rekkefølge: 1

Økonomi: ambisjonen er å klare det med eksterne ressursar, men det kan vere naudsynt med kjøp av kompetanse på deltenester.

Differensiert forvaltningsplan for Flekke- og Guddalsvassdraget (tema)

Målet med planen er å samordne bruken av vassdraget på ein slik måte at folk skal kunne bu- og leve i området samstundes som ein tek vare på dei verdiane som ligg til grunn for at vassdraget vart varig verna mot kraftutbygging.

Framlegg: Planen blir vidareført.

Områderegulering - areal

Dale sentrum

Det er krav til områderegulering for sentrum i kommunedelplan for Dale. Det er i dag kun tillat med mindre tiltak utan plan. Det er naudsynt med spesielt fokus på trafikkavvikling, tilkomst til forretningslokale, sentrumsutvikling, parkering og grøntareal.

Framlegg: Planen blir revidert

Prioritet/rekkefølge: 2 (kan først takast etter kommunedelplan for Dale)

Økonomi: jf kommunedelplan for Dale

Detaljregulering

Gravstad Dale

Pågåande prosjekt vart grunna motsegn frå Statsforvaltaren stoppa. Ny lokalsjon må avklarast i revisjon av kommunedelplan for Dale. Det hastar med å få etablert ny gravplass, men krav til planprosess gjer til at arbeidet først kan starte i 2026.

Framlegg: Det må lagast ny plan

Prioritet/rekkefølge: 2 - nytt areal må først avklarast i kommunedelplan for Dale)

Økonomi: Vi har ikkje kompetanse og ressursar så det må settast av midlar til innleige av konsulent.

Bustadfelt Bjerga

Planen er starta opp, men vart utsatt grunna arbeid med kommuneplanen sin arealdel. Det er stort behov for å få gjort klart for byggeklare tomtar i Dale

Framlegg: Halde fram med arbeidet med planen.

Prioritet/rekkefølge: 2 - ein del utfordringar som må avklarast før oppstart, jf rekkefølgekrav om fortau, vatn og avløp

Økonomi: Det er gjort løyvingar for tilrettelegging av byggeklare tomtar, men jf ovanfor så er samla kostnad usikker.

Omsorgsbustadar

Forstudie som skal vere ferdig i haust skal avklare kor vi skal ha omsorgsbustadar. Det må lagast detaljreguleringsplan uavhengig av kor plasseringa blir

Framlegg: Det må lagast ny plan

Prioritet/rekkefølge: 1 dette er noko som hastar

Økonomi: Det vil vere naudsynt med meir kapasitet på plansida og settast av midlar til å kunne gjennomføre planarbeidet.

Fortau Dale sentrum – Bjerga

Det er eit rekkefølge krav for utarbeiding av bustadfelt på Bjerga at det blir laga fortau frå Dale til Bjerga. Utifrå kompetanse og ressursar vil det vere naudsynt med innleige av konsulentar til å få gjennomført planarbeidet.

Framlegg: Det må lagast ny plan

Prioritet/rekkefølge: 1 planen legg grunnlag for utbygging av bustadfeltet

Økonomi: må sjåast i samanheng med bustadfelt Bjerga og tilrettelegging for vatn og avløp.

Temaplanar (T)

Arbeidsgjevarpolitikk og grunnverdiar

Formål med Arbeidsgjevarpolitikk er dei handlingar, haldningar og verdiar som arbeidsgjevar står for og som vert praktisert og formidla til medarbeidarane kvar dag. Arbeidsgjevarpolitikken synleggjer arbeidsgjevars konkrete evne til å frigjere den menneskelege energien i organisasjonen. Dette dokumentet skal gje overordna retningsliner for korleis tilhøvet mellom innbyggjarane, leiarane som arbeidsgjevarrepresentantar og medarbeidarane i kommunen skal vere. Planen er framleis relevant, men det er naudsynt med ei oppdatering.

Framlegg: Planen blir revidert

Prioritet/rekkefølge: 2 (kan takast samtidig med samfunnsdelen)

Økonomi: ambisjonen er å gjennomføre revisjon av planen med eigne ressursar.

Trafikktryggleiksplan

Planen er frå 2013 og som føremål å vise kva sikringstiltak som skal gjennomførast dei neste åra. Planen vil vere grunnlag for søknad om tilskot til tiltak.

Framlegg: Planen blir revidert

Prioritet/rekkefølge: 1 – viktig for å kunne søke midlar til trafikksikringstiltak

Økonomi: I og med at vi ikkje har hatt ressursar, så er det uklart kor mykje ressursar og kompetanse som må til. Det er molgeleg å søke tilskotsmidlar til å få utarbeidd plan.

Hovudplan for vatn og avløp

Planen har som formål å sikre at det er god kapasitet og kvalitet (berekraftig og effektiv forvaltning) av vassforsyning og avløp. Planen er nær ferdig utarbeidd, men må oppdaterast grunna nye direktiv.

Framlegg: Planen skal ferdigstillast

Prioritet/rekkefølge: 1

Økonomi: ferdigstilling av planen blir gjennomført med egne ressursar.

Klima og miljøplan

Energi-, Klima- og miljøplan vart utarbeidd i 2009 (2010-2014) og er utdatert. Det er naudsynt å oppdatere planen for klima og miljø i tråd med nasjonale føringar og lokale utfordringar – herunder reduksjon i klimagassutslepp.

Framlegg: Det blir laga ny plan

Prioritet/rekkefølge: 2 – viktig plan, men sett opp mot andre behov så vil det ikkje bli 1.

Økonomi: Vi har ikkje ressursar og kompetanse på arbeid med klima og miljø og er avhengig av ekstern bistand både til det faglege men og til å ha kapasitet til å lage planen.

Kulturplan

(Tidlegare Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2022-2026)

Alle kommunar skal ha ein plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. Anlegg som er oppført i kommunedelplan sin handlingsdel, er i posisjon til å søkje tilskot frå spelemidlar. Denne planen er primært eit verktøy for å styre utbygginga av større og mindre anlegg.

Planen skildrar korleis det står til med idretten i Fjaler kommune, kva som er gjennomført av planlagde prosjekt og kva prioriteringar som gjeld i planperioden.

Noverande plan vart vedteken desember 2021 og gjeld for perioden 2022-2026. Handlingdelen vert rullert kvart år.

Ny plan bør lagast i 2026 og gjelde frå 2027-2030. Ikkje nødvendigvis ein kommunedelplan. Det vert tilrådd å integrere denne planen med ny kulturplan. Kartlegging av friluftslivets ferdselsårer og kartlegging ro og padleruter bør også innarbeidast.

Framlegg: Planen blir revidert – endra til å vere Kulturplan

Prioritet/rekkefølge: 2

Økonomi: ambisjonen er å gjennomføre med egne ressursar.

Kulturminneplan

Planen omhandlar bevaring og forvaltning av kulturminner. Gjeldande plan gjaldt frå 2019-2023. Vi meiner at planen står seg og at ein heller skal fokusere på å rullere handlingsdelen av denne oftare.

Framlegg: Foreslår at gjeldande plan gjeld tom 2028 - vidareført

Eigarskapsmelding

Kommunen sitt formål med eigarskap i selskap og organisasjonar skal med fordel vurderast i starten av kvar kommunestyreperiode.

Gjeldande eigarskapsmelding er frå 2016 og er utdatert.

Framlegg: Eigarskapsmeldinga blir revidert

Prioritet/rekkefølge: 2

Økonomi: ambisjonen er å klare det med egne ressursar.

Innkjøpsstrategi

Innkjøpsstrategien vart utarbeid i 2009 (2010-2013). Formålet med planen er å sikre at vi har ein effektiv ressursbruk, kostnadseffektiv bruk av midlar. I tillegg så er det dei seinare åra kome inn nye og viktige kriteria i innkjøpsfaget – mellom anna bærekraft og samfunnsansvar. Kommunen har ingen ressursar satt av til å jobbe med innkjøp eller planverk rundt dette. Innkjøpslovverket er mykje likt som i 2009 og av omsyn til ressurs- og økonomisituasjonen vurderer vi at strategien kan vidareførast. Omsyn til miljø er i dag ivareteke av lovverket.

Framlegg: Strategien blir vidareført.

Strategisk Næringsplan 2023-2027

Planen omhandlar mål og satsingsområde innan næring- og samfunnsutvikling.

Planen vart vedtatt i 2023. Det er under arbeid vurdering av modell for organisering av næringsarbeidet. Dette vil vere viktig for å kunne jobbe med realisering av strategi og tiltak.

Framlegg: Planen blir vidareført

Frivilligstrategi – lage ny 2024/2025

Fjaler kommune har fått midlar til å utarbeide ein frivilligstrategi. Vi trur at denne jobben er mogeleg å starte på hausten 2024 då Folkehelsekoordinator er delvis tilbake frå permisjon.

Den frivilligpolitiske strategien forpliktar Fjaler kommune til å ha eit aktivt og tett forhold til den lokale frivilligheita. Den skal bidra til at frivilligheita får utvikle seg formålstenleg måte på egne premisser, og gjev det strategiske utgangspunktet for samspel og samarbeid mellom partar.

Framlegg: Ny plan som må lagast

Prioritet: 2

Økonomi: det må settast av ressursar til å jobbe med planen eventuelt kjøp av konsulenttenestar

Helse og omsorgsstrategi 2018-2030

Planen er forankra i overordna plan som skal vere med å sikre at vi når dei måla vi best mogeleg løyser utfordringane innan helse- og omsorg, mellom anna – “Fjaler kommune skal vere ein god plass og trygg plass å bu med fokus på folkehelse og gode oppvekstvilkår.” Det er naudsynt å revidere planen med omsyn til å oppdatere talmateriale som ligg til grunn for behov samt at det er komt nye statlege føringar for korleis det skal leggast til rette for auke i tal eldre framover. Oppdatert plan er viktig for å kunne søke midlar frå husbanken.

Framlegg: Revidering av planen i starten av planperioden.

Prioritet/rekkefølge: 1

Økonomi: ambisjonen er å klare det eigne ressursar, men avhengig av omfanget så kan det vere behov for å leige inn ressursar.

Bustadsosial handlingsplan (2020-2024)

Formålet med planen er å sikre at alle innbyggjarane har tilgang til egna bustadar, med særleg fokus på dei som har utfordringar i bustadmarknaden. Dette er eit utfordrande område som er svært viktig for framtida. I høve det bustadsosiale er det lovendingar. Den nye lova skjerpar plikta til å ta bustadsosiale omsyn i planlegginga, samarbeide på tvers av sektorar, og å gi individuelt tilpassa hjelp til vanskelegstilte på bustadmarknaden.

Framlegg: Revidere eventuelt lage ny plan i løpet av planperioden. Endre namnet til bustadplan.

Prioritet/rekkefølge: 1

Økonomi: ambisjonen er å gjennomføre arbeidet med interne ressursar, men det kan vere behov for å kjøpe noko tenester.

Ruspolitisk handlingsplan 2020-2024

Etter alkohollova §1-7d er kommunen pålagt å utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan som skal rullerast kvart fjerde år. Formålet er at kommunen på bakgrunn av nasjonale føringar og eit lokalt kunnskapsgrunnlag skal ha mål og tiltak for å redusere dei negative konsekvensane som rusmiddel har for samfunn og for einskildpersonar.

Framlegg: Revidere planen tidleg i planperioden

Prioritet/rekkefølge: 2

Økonomi: ambisjonen er å gjennomføre arbeidet med interne ressursar.

Oppvekstplan

Fjaler har ein skulepolitisk plan frå 2017 (2018 – 2021) og manglar ein overordna oppvekstplan. Kommunen sitt ansvar for oppvekst og utdanning er spesifisert i «opplæringsloven» og «barnehageloven» som pålegg kommunen ansvar for skular og barnehagar og andre tilbod til barn og unger. Dette inneberer at kommunen må ha konkrete planar og strategiar for korleis ein skal legge til rette for ein god oppvekst for barn og unger, inkludert tilgjengelegheit og kvalitet på barnehagar, skular, fritidstilbod og andre relevante tenester. Dette skal vere forankra i overordna plan – samfunnsdelen av kommuneplanen. I og med at gjeldande planverk er utdatert og at det er eit utfordringsbilde å ta tak i, er det viktig å kome igang med planarbeid tidleg i planperioden.

Framlegg: Gjeldande plan utgår og det blir starta opp arbeid med å lage ny plan
Prioritet/rekkefølge: 1

Økonomi: ambisjonen er å gjennomføre arbeidet med interne ressursar, men det kan vere naudsynt med konsulenthjelp på einskildområde.

FØLGJANDE PLANAR FRÅ PLANEN I 2020-2024 UTGÅR

Strategisk kulturplan – planen blir teke under kulturplan.

Vegnorm - vurdert til å ikkje vere nødvendig. Er ikkje lovpålagt og ikkje kapasitet til å jobbe med.

Kartlegging av friluftsområde - blir innlemma i kulturplanen.

FV57 – Vestland Fylkeskommune har teke over arbeidet med å lagre reguleringsplan.

Bustadfelt Flekke

Planen er i si tid lagt inn med utgangspunkt i at kommunen skal ha ansvar for eit felt i Flekke. Før ein legg inn at det skal lagast ein reguleringsplan må det først avklarast behov og kva område som det skal lagast plan for.

FAGPLANAR OG ANDRE PLANAR

Oversyn over fagplanar andre planar som høyrer til under dei einskilde temaplanane. Dette er planar som ikkje er del av planstrategien – men nyttig å vite og det kan vere planar som etter lov skal vedtakast av kommunestyre.

Personal og organisasjon

Beredskap

Overordna beredskapsplan og heilskapeleg ROS (risiko- og sårbarheitsanalyse)

Planen har som formål å sikre at vi ivaretek innbyggjarane sin tryggleik ved å vere førebudd på uønska hendingar. Sivilbeskyttelseslova pålegg kommunane å kartlegge og analysere kva uønska hendingar som kan inntreffe. Resultatet skal

samanstillast i ei heilskapeleg ROS-analyse som leggast til grunn for arbeidet med tryggleik og beredskap og mellom anna oppdaterast i takt med revisjon av kommunedelplanar og ved behov. Beredskapsplanen skal etter sivilbeskyttelsesloven reviderast minimum ein gong pr år.

Kompetanseutviklingsplan

Kompetansen til tilsette i kommunen er den viktigaste ressursen for å kunne levere berekraftige velferdsteneste med god kvalitet. Eit arbeidsliv i endring gjer at alle tilsette må rekne med endring i arbeidsoppgåve og krav om å tileigne seg ny kompetanse og nye ferdigheiter. Strategisk bemanning- og kompetanseplanlegging er langsiktig og strategisk planlegging på kommunenivå. Fjaler kommune har ikkje ein strategisk kompetanseplan, men helse og omsorg har utarbeida ein kompetanseplan for sitt område.

Ambisjonen er utarbeide ein strategisk kompetanseplan i starten av planperioden.

Etiske retningslinjer

Formål med retningslinjene er å gå rettlinja med omsyn til verdigrunnlag, både eige og det som gjeld organisasjonen. Kommunen er ein open organisasjon, og det omdøme ein har er avhengig av tillit frå innbyggjarane. Fjaler kommune legg stor vekt på å drive ærleg og ha opne tilhøve i all si verksemd. Alle tilsette har ansvar for å etterleve dette. Som forvaltarar av samfunnet sine midlar, vert det sett særst høge krav til den einskilde medarbeidar sine etiske haldningar og si utøving av arbeid i kommunen.

Retningslinjene er under revidering – og vil bli vurdert fortløpande.

Kultur, integrering og samfunnsutvikling

Folkehelseoversikt 2021 – 2024

Kommunen skal utarbeide eit oversiktsdokument som kvart fjerde år skal ligge til grunn for det langsiktige folkehelsearbeidet og inngå som grunnlag for arbeidet med kommunal planstrategi. Folkehelseoversikt vart oppdatert i 2023, det er vidare planlagt oppdatering kvart år framover jamfør folkehelselova § 4.

Vi planlegg få på plass eit nytt dokument i løpet av 2025.

Plan for friluftslivets ferdselårar, og ro og padleruter

Friluftslivets ferdselsårar og ro og padleruter er ei naturleg vidareføring av arbeidet med kartlegging og verdisetting av friluftsområde og det nasjonale turskiltprosjektet knytt til merking og gradering av turløyper. Plan er eit verkemiddel for å identifisere, ivareta og utvikle stiar, turveggar, løyper, og ro-padleruter som er viktige for utøving av friluftsliv. Det er planlagt sak lagt fram for vedtak oktober 2024.

Plan for integrering av flyktingar

Fjaler kommune har idag omlag 100 flyktingar busatt i kommunen og treng ein plan for å sikre at flyktingane får den støtta dei treng for å integrerast i samfunnet på ein god og effektiv måte. Det er mulig denne må vere ein temaplan då det involverar fleire sektorar.

Oppvekst - skule og barnehage

Beredskapsplan ved alvorlege hendingar i skular og barnehagar i Fjaler

Planen tek føre seg førebyggjande arbeid og rutine ved hendingar blir årleg revidert, oppdatert og kan vidareførast.

Plan for tilsyn med barnehagane i HAFS

Planen tek føre seg ansvar og mynde for å sikre at lovverk blir ivaretatt. Planen må reviderast mellom anna er det naudsynte å klargjere skilje mellom barnhagemynde og eigar.

Beredskapsplan ved alvorlege hendingar i skular og barnehagar i Fjaler

Innhaldet i planen kan stort sett behaldast men må oppdaterast med nye lovparagrafar imt. ny opplæringslov gjeldande frå 1. august (Tek høvesvis kort tid)

Utviklings- og kompetanseplan for barnehagane og skulane i Fjaler 2021 – 2024

Planen er ein handlingsplan for kompetanseutvikling i satsingsområda for skule og barnehage. Det er behov for å evaluere planen og vi treng ny plan frå 2025.

Beredskapsplan for førebygging og avdekking av seksuelle overgrep

Planen tek føre seg arbeid med å forebygge og avdekke seksuelle overgrep mot barn i barnehage. Innhaldet i planen er grei nok. Naturlig å evaluere- evt. forbetre den i samband med innføring av BTI modellen i Fjaler.

IKT-plan barnehage

Planen tek føre seg mål i rammeplan for barnehagane (2017) og handlar om utøve, legge til rette for, vurdere og utforske informasjon, mediebruk og bruk av digitale verktøy. Planen varte ut 2023 og er teneleg å oppdatere og vidareføre.

Helse og omsorg

Plan for førebyggjande arbeid for barn og unge 2023-2027

Planen har sin bakgrunn i barnevernsreforma (1.1.22) der kommunen har større ansvar for barnevernet, både fagleg og økonomisk. Målet med planen er å styrke førbyggjande arbeid og sikre tidleg innsats i kommunen som jobbar med barn og unge.

Handlingsplan Leve heile livet

Reforma leve heile livet går etterkvart vidare i bu tryggt heime refoma. Vi må vurdere om vi skal lage ein eigen plan for det eller om det skal vere ein del av andre planar. Det er komen lite om reforma endå, men stortingsmeldinga skildrar at det er ei oppfølging som skal bidra til aldersvennlege samfunn, meir heilskap i eldrepolitikken og betre helsehjelp til eldre. Handlingsplanen vart vedtatt i kommunestyre 30.5.24

ORGANISERING AV PLANPROSESSEN

Kommunedirektøren har hatt ansvar for og leia arbeidet med planstrategiarbeidet.

Administrativ arbeidsgruppe har vore: kommunedirektør, kommunalsjef teknisk, kommunalsjef kultur, integrering og samfunnsutvikling.
 Styringsgruppe har vore leiargruppa til kommunedirektøren.
 Prosjektkoordinator og sekretær: Kommunedirektøren

Tidspunkt	Aktivitet
Februar-24	Utarbeiding av prosjektplan
Februar-24	Varsel om oppstart – nabokommunar og statlege og regionale mynde
Mars-24	Vurdering av innspel og oppstart av arbeid med kunnskapsgrunnlaget
April-Mai-24	Intern arbeidsprosess
Mai-24	Politisk vurdering av kunnskapsgrunnlaget før høyring - Kommunestyre 30.5.24
Juni-24	Politisk handsaming av planstrategi for 2024-27 - Formannskapet 13.6.24 - Kommunestyre 20.6.24
Juni-24	Høyring: Plan- og bygningsloven §10-1, 2 ledd: Framlegg til vedtak skal gjerast offentleg minst 30 dagar før kommunestyret si handsaming. - Statlege og regionale mynde - Nabokommunar
September-24	Vedtak av kommunal planstrategi: - Formannskapet 5.9.24 - Kommunestyre 19.9.24

KORT OMTALE AV DEI VIKTIGASTE PLANTYPANE

KOMMUNEPLAN Lovpålagt.

Lovheimel: Plan og bygningsloven (PBL).

Består av:

1. Samfunnsdelen:

Overordna plan med langsiktige mål og strategiar.

Handlingsplan til samfunnsdelen:

4 års planperiode. Økonomiplan kan inngå i handlingsdelen. Skal rullerast årleg i samband med økonomiplanarbeidet.

2. Arealdelen:

Arealplan for heile kommunen. På grunnlag av mål og strategiar i samfunnsdelen. 12 års planperiode. Behov for revisjon vurderast kvart 4. år i kommunal planstrategi.

ØKONOMIPLAN OG ÅRSBUDSJETT.

Lovheimel: Kommuneleva

Økonomiplan 4 års planperiode.

Plan for heile kommunen si verksemd i planperioden, med venta inntekter, prioriterte oppgåver og tiltak, og sannsynlege utgifter. Kan samordnast med handlingsdelen i kommuneplanen. Årsbudsjettet 1 års planperiode.

Bindande plan for bruk av kommunen sine midlar i budsjettåret. Økonomiplan og årsbudsjett vert rullert kvart år.

KOMMUNEDELPLANAR

Lovheimel: PBL.

Kommunedelplan er ein plan for geografiske delområde eller tema/sektorar. For utarbeiding og revisjon gjeld same lovverk som samfunnsdelen og arealdelen. Vert utarbeidd etter behov for detaljering eller utfylling av den overordna planen.

Det er to slags delplanar: 1. Kommunedelplan for viktige tema eller sektorar. Døme: Oppvekst. 2. Delplanar for arealbruk. T.d. tettstadar i kommunen.

For utarbeiding og revisjon gjeld same reglar som for samfunnsdelen og arealdelen – krav til planprogram.

REGULERINGSPLANAR

Lovheimel: PBL

Reguleringsplanar er arealplanar for avgrensa område. Det er etter PBL av 2008 to typar: - Områdereguleringsplanar. Større område, mindre detaljert, men meir detaljert enn kommunedelplan. Inneheld spesifikke reguleringsbestemmelsar – bebyggelse, vegar, grøntområde og anna infrastruktur.

- Detaljreguleringsplanar. Meir detaljert, vanlegvis mindre område.

Områderegulering vert normalt gjort av kommunen. Detaljregulering kan gjerast av kommunen eller private. Kommunen kan avvise private planframlegg som er i strid med overordna plan.

TEMAPLANAR og STRATEGIPLANAR

Omfattar planar som er laga for å fylgje opp føringar i samfunnsdelen, sektorovergripande planar, lovpålagde planar og strategiplanar.

Planane kan vere utarbeidd etter reglane i plan- og bygningslova eller planane kan stå friare i høve til prosesskrav og tidsfristar, det vil sei at det ikkje er krav om utarbeiding av planprogram. Kommunen står fritt i å fastsetje opplegg for utarbeiding og medverknad ut i frå kva som er tenleg i kvart tilfelle, og ev. føringar i aktuelt lovverk.

Vert lagt fram til politisk godkjenning i kommunestyret. Behov for revisjon vert vurdert i kommunal planstrategi kvart 4. år. Temaplanar vert normalt sett rullert i løpet av planperioden.